

ÅRSMØTE I BØMLO TUR OG SOGELAG, 22 APRIL- 2013, KL 18.00-19.30

7 FRAMMØTTE

Formann Norvald Nytveit leia møtet og leste opp årsmeldinga.

Valnemda har tatt seg av nye valg. Postane er stort sett fullte opp, manglar 1 person i sti nemda. Det er viktig at dei som vert valt til dei ulike postane veit kva ansvar og oppgåver dei har.

Knut informerer litt om dugnadsarbeidet som pågår. Dugnadsgjengen er godt i gong med skulestovemuseet i Fridtun. Dei har eit samarbeid med skulen ang. dette prosjektet. Magne Gravdal har skifta ein del kledning på Karinestova, arbeider vidare med det som gjenstår. Karinestova må og malast. Det vart bestemt å nytta samme farge som Hilleborgstova.

Nye informasjonsskilt er laga og Pedersen Maskinering er sett på saka ang. stativ til infoplatene. Svanhild Vespestad kom med merknad til dette. Ho syntes det skulle vera noko anna enn stål med tanke på plassering framom dei gamle husa. Forslag om å male stativa eller stativ i trevirke. Dette vert skjekka opp i.

Norvald gjennomgår rekneskap for 2012. Nokre av postane i rekneskapet vart stillte spørsmål ved, og krevd forklaring. Revidert rekneskap skal leggjast fram på neste årsmøte. I følge lover skal dette leggjast fram for medlemmer.

Det er inne søknad om prosjektstøtte hos Haugesund Sparebank ang. prosjekt i Hilleborgstova.

Bernt Emil opplyser om at salet av Leidarsteidn har vore godt. Han etterlyser forfattarar til årets utgave. To har meldt seg til no.

Planen er å få ferdig Karinestova i år (kledning/maling). Fridtun treng eit løft utvendig. Nokre vinduer er i dårleg forfatning, noko kledning bør malast. Hilleborgstova og Kvernhuset på Berge står og for tur og bør verta neste prosjekt. Å ha husa i orden gjer eit godt første inntrykk.

Knut har tatt for seg nokre av museumsgjenstandane slik at dei ikkje forfell. Dette bør gjerast på fleire (fjerna rust osv.)

Husa burde vore opne museum sommarstid. Den største utfordringa blir å få nokon til å vera vertar på husa.

Nokre av stiane er dårleg merkt. Det er skuleklassane sitt ansvar å halda nokre av stiane.

Ref.

Nancy Helen